

Idrettsutvalet

Sak 7/80 SKI NORDISK - LØYPETRASE PÅ FJELLSETRA

Det har lenge vore drøfta å få til ein permanent løypetrase, lysløype, for langrenn på Fjellsetra. Hausten 1978 hadde representantar frå idrettslaga, friluftssenteret, skikretsen og kommunen synfaring på området. Ein gjekk da opp eit forslag til 5 km og 3 km løypetrase. Traseen vart teikna inn på kart.

Etter dette vart det kalla inn til møte mellom grunneigarane, ski-nordisk-gruppene i idrettslaga, friluftssenteret og Sunnmøre Skikrets for å drøfte planane nærare. Eg møtte frå kommunen. Møtet vart kort. Grunneigarane stilte seg heilt negativt til tanken om løypetrasear. Planane måtte berre leggest på is.

Grunneigarane og friluftssenteret lufta tanken om løypetrasear framover mot Tudalen. Dette har ikkje idrettslaga vore noko stemt for. Idrettslaga, med VIL i spissen, tok opp att arbeidet med løypeplanane etter det nemnte møtet. Det vart gått opp nytt løypetraseforslag som er innteikna på kart. Spørsmålet om plassering har vore reist som årsmøtesak i alle idrettslaga. Laga har vedteke at løypetrase(ar) må leggest på området rundt Dravlausstølen. Utgangspunktet må vere det siste traseforslaget som er innteikna på kart.

Den 14. januar hadde ski-nordisk-gruppene fellesmøte der mellom anna denne saka vart drøfta. Gruppene vedtok å sende saka over til idrettsutvalet. Dei ønskjer at kommunen skal ta på seg arbeidet med grunns spørsmålet og alt anna som må til for å få løypa realisert. Idrettslaga er interessert i å samarbeide med kommunen med dugnadsarbeid og andre praktiske ting dersom det blir behov for det.

Over telefon i dag fekk eg melding om at det har vore grunneigarmøte om det nye forslaget. På dette møtet vart det lagt fram ei positiv haldning til trasevalet. Den nye traseen er heilt ulik den første. Denne gongen blir ein god del færre grunneigara "råka".

Eg vil be om at idrettsutvalet tek opp dette spørsmålet. Det beste vil vel vere å sette ned ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å gjere ferdig grunnarbeidet slik at saka kan reisast med tanke på endeleg vedtak. Saka blir derfor lagt fram med innstilling til slikt

v e d t a k:

Idrettsutvalet sett ned ei arbeidsgruppe, samansett av, for å sjå nærare på lysløype-trase på Fjellsetra. Gruppa skal ta utgangspunkt i det siste traseforslaget og vurdere detaljane i dette med tanke på krava frå NSF. Vidare skal gruppa arbeide med grunns spørsmålet, vurdere kven som skal stå ansvarleg for anlegget og drøfte gjennom vedlikehald og vinter-

preparering. Endeleg må kostnadane for opparbeiding av anlegget vurderast.

Planane blir å legge fram for idrettsutvalet til handsaming.


Tore Hals